



Hordaland Politidistrikt  
Postboks 285 Sentrum  
5804 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1720 - 17/13706

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

29.06.2017

## Høyring – Særskilt fartsgrense KV 1126 Skurtveitvegen, Meland kommune

I Meland kommune sin Tiltaksplan for trafikksikring 2017-2020 er det prioritert å anlegge fartshumper og skilte Skurtveitvegen 30 km/t. Tiltaket er spesifisert i Handlingsplan trafikksikring 2017 (UDU sak 36/2017) der det er vedteke å etablere to fartshumper og skilte veggen 30 km/t.

KV 1126 Skurtveitvegen er omtrent 600 m lang og har ein bredde som varierar mellom 3 og 4 m. Skurtveitvegen er smal og uoversikteleg, spesielt på strekninga nærast FV 249. Veggen er atkomstveg for bebuarar i området og for turgåarar. Til no har ikkje Skurtveitvegen hatt særskilt fartsgrense, men ettersom veggen ligg i til dels tettbygd strøk, vil 50 km/t vere den generelle fartsgrensa.

Ved utarbeiding av Tiltaksplan for trafikksikring 2017-2020 fekk kommunen innspel frå bebuarar som ønska fartshumpar grunna høg fart og nesten-ulukker langs veggen.

Kommunen meiner at dersom ein skal etablere fartshumpar bør veggen samtidig få særskilt fartsgrense 30 km/t. Det er strekninga som ligg nærast fylkesveggen som er den mest uoversiktelege, og som kommunen vil etablere to fartshumpar på for å sikre at fartsgrensa vert overheldt.

Ettersom Skurtveitvegen er ein atkomstveg til både noko tett og noko spredt busetnad vurderar kommunen at vilkåra for 30-sone skilt ikkje er oppfylt, og at ein bør nytte skilt 362. Skilta skal settast opp etter vedlagt skiltplan.

I samsvar med skiltforskrifta § 26.1 ber vi om uttale frå Hordaland politidistrikt og Statens vegvesen. Frist for uttale er satt til 07.08.2017.

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Skiltplan Skurtveitvegen

**Mottakere:**

Hordaland Politidistrikt	Postboks 285 Sentrum	5804	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER